



## DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

### Møtebok Balestrand sokneråd (SR).

**Møtedato:** 12 08 21

**Møtetid:** Kl. 19:30-21:30

**Møtestad:** Kyrkjestova

**Desse møtte:** Kari Kvikne (leiar), Kjetil Netland (geistleg repr.), Anne Karin Solheim Sjøthun, Berit Støle, Jenny Kristin Menes (med pr telefon), Per Tusvik, Kristi Nygård, Helge Ulvestad.

**Meldt forfall:** Laila Vang

**Møtte ikkje:** Ole Eilifsen

### Saker:

#### 45/21: Godkjenning av innkalling.

Ingen merknad

#### 46/21: Godkjenning av referat frå førre møte.

Ingen merknad.

#### 47/21: Orienteringssaker:

- Erfaringar frå soknerådet sitt engasjement i St Olaf i sommar.
  - Kveldsbøn-samlingane vart avslutt når det kom engelsk presten som hadde sine arrangement. Målet var å halde fram vidare, men det vart krevjande å skaffe medarbeidarar vidare. Samlingane var positivt mottekte, litt ulikt oppmøte men totalt var det mange innom. Tiltaket er aktuelt for gjentaking.
- Info om prestetenesta i haust ved Kjetil.
  - Kjetil vert vidare sjukemeld utover hausten og venteleg godt utpå nyåret.
  - Blir mange vikarar pga dette. Prostiet har mykje fråvær og det er vanskar med å skaffe vikarar.
  - Audun Systad er backup for Kjetil til konfirmasjonsgudstenesta .
  - Kurt Arild Oma tek konfirmantundervisninga. Kjersti Brudvik har ansvar for Helsetunet. Det er på gang tilsetting av vikarar utan at dette er avklara pr no.
  - Soknerådet ynskjer Kjetil alt det beste i samband med komande behandlingar.
- Info om konfirmantar 2021/2022.
  - Konfirmantfest 22 august kl 16. Kan bli innpå 30 personar. Kvikne lagar lasagne, ein legg opp til eigendel for foreldra, må avklara arbeidsgjeng og festleiar. Bedehuset vil ha tilstrekkeleg plass for desse sjølv med smittevernreglar.
    - Eigendel vert sett til kr 150 pr vaksne, konfirmant og søsken gratis.
    - Dekkar opp på laurdag. Maten vert levert søndag formiddag.
    - Program først, deretter mat.
    - Ole vert utfordra til festleiar.

- Anne Karin og Anne, Kristin bakar, Helge spør Ingun.
- Info om avslutning konfirmantar 2020/2021.
  - 12 konfirmantar. Tjugum 13. mai, Sæle 22. mai.
- Info om organist.
  - Miguel Espinosa har sagt opp stillinga etter å ha fått større stilling anna stad.
  - Administrasjonsutvalet har handsama sak om vidare ordning for organist i Balestrand og har vedteke å tilby Jorunn Høines og Laila Vang spelning ved gudstenester på timebasis. Grunna anna arbeid har begge svara at dei ikkje har høve å ta heile stillinga, men kan dele på spelning til gudstenestene. Hallgeir Øgaard Westli tek gravferder og vigsler. Ordninga startar så snart det let seg gjere og seinast 1. oktober 2021.

#### **48/21: Gjennomgang av klokkar/kyrkjevervt vaktliste hausten 2021.08.05.**

- Kjetil la fram liste. Det er gjort ein del tilpassingar av praktiske årsaker. Kari set opp klokkarlista når nye personar er spurt.
- Behov for fleire klokkarar. Desse vert spurt. Frode Bøtun, Tore Feten, Ingun Ulvestad, Linn Åm.

#### **49/21: Magni Risa – presentasjon av arbeidet som trusopplærar og diakon.**

Magni er tilsett i 30% trusopplærarstilling og 10% diakonstilling.

##### **Kort frå framlegginga:**

Trusopplærar:

- Legg vekt på å samarbeide med andre barne og ungdomstiltak som t.d Spiren og Kvardagsskulen i Fjordane.
- Har samtalegruppe med ungdomsskuleelevarane. Både dei som er medlemer i Laget og andre deltek. Målet er å styrke i trua, skape undring, søke svar i Bibelen.
- Ein del samarbeid med skulen
- 6 årsbok utdelast i gudstenesta den 16 og 19 september
- 4 årssamling den 29. september.
- Ung messe den 8-9 desember.

Diakoni:

- Viste til diakoniutvalet som har eldre som satsingsområde. Magni sin del av diakoni går til samtalar med unge.
- Magni fekk ros for godt arbeid og oppmuntring til å stå på vidare.

#### **50/21: Ymse:**

- Uavklart kva som er reglar for smittevern. Kari avklarar med kyrkjekontoret og sender melding til soknerådet.

**Med venleg helsing**

**Kari Kvikne**

**-leiar-**